

## **Referat frå møtet i koordineringsgruppa 26. april 2021**

**Deltakarar:** Åse Vaag, Beate Helland, Ragna Flotve, Anne Eli Wangen, Janne Weltzien Listhaug (alle Statsforvaltaren i Vestland), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen), Berit Anita Knudtsen Larsen (leiar eldrerådet Øygarden, medlem Fylkeseldrerådet), Jens Harald Garden (frå staben til fylkestannlegen, VLFK), Marta Strandos (USHT Vestland (Sogn og Fjordane), Harald Ekroll (leiar Fylkeseldrerådet Vestland og eldrerådet i Stryn), Olaug Hindal (USHT Helse Fonna), Annette Eri Norevik (USHT Vestland (Sogn og Fjordane), Else-Marie Brobakke Aarø (VLFK), Bodil Berg Kristensen (USHT Vestland (Hordaland), Leni Klakegg (KS), Marte Ulltang (Helse Førde), Liv Jorunn Solstad (Senter for omsorgsforskning)

Møtte ikkje: Siri Erdal og Olav Ohnstad (Husbanken), Frode Fadnes Jacobsen (Senter for omsorgsforskning)

### **Dagsorden for møtet**

**Presentasjon av nye medlemmer i gruppa:** Grete Lill Hjartnes (leiar for seksjon samhandling i Helse Bergen), Jens Harald Garden (folkehelserådgjevar, VLFK, stab til fylkestannlegen), Marta Ulltang (samhandlingssjef Helse Førde)

#### **I. Orientering om arbeidet så langt, Åse Vaag**

- Støtteapparatet jobbar tett og godt i lag. Har jamnlege møte. Saknar å vere saman fysisk, håper vi kan det frå hausten av.
- Dialogmøta med kommunane er nyttige og gode
  - Aldersvennleg samfunn / planlegging – område mange kommunar er oppteken av i år.
  - Dei fleste kommunar har mange og gode tenester, mange har likevel problem med å samanfatte dette i eigne planar i kommunane – også det å sjå heile reforma og innsatsområda samla
  - Oppteken av medverknad – korleis løyse dette på ein god måte. Her spelar vi inn eksempel frå kommunar vi meiner gjer dette på ein god måte
  - Oppteke av transport – spesielt i grisgrendte kommunar. På lang sikt kan kommunane tenke planlegging, på kort sikt må dei sørge for transport til fellesarrangement, fellesaktivitet.
  - Fleire kommunar har ikkje meldt om dialogmøte. Dersom nokre av dykk er i kontakt med kommunar som kanskje har utfordringar, gje melding om at det er høve for å få eit dialogmøte
- Etablert kontaktnett mellom kommunane, ein kontaktperson i kva kommune. Vi har hatt eitt møte, forum er kanskje for stort. Vi skal regulere desse meir knytt til region, prøver å få samle dei regionvis seinare i vår ? Elles det det nyttig med utsending av informasjon.
- Tilskotsordningane våre, er knytt til aktivitet i kommunane. Eget spørjeskjema ute – 5 har ikkje svart

#### **II. Innspel frå møtet til gjennomføringsplanen:**

- Jens Harald Garden –samarbeid med kommunen er utruleg viktig for oss. For å informere ut kven som har rett til tannbehandling, har samarbeidsavtalar med alle kommunane, skal sikre at informasjon blir sendt ut og får godt samarbeid. Kan overføre kompetansen til kommunane om tannhelse, både eldre og personar på institusjon, og som bur heime med communal tenestene samarbeidsavtalane kan vere nyttig å synleggjere i denne planen.

- Harald Ekroll: Vil ha samling for kommunale eldreråd i haust om mogeleg, kanskje også saman med råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Landssamling i september, Leve heile livet blir viktig der. Saknar Leve hele livet i planane til fylkeskommunen, Vi må stå på, vi skal forsøke så langt det er mogleg å påverke i kanalane vi har, gjennom kommunale eldreråda.
- Else-Marie Brobakke Aarø, VLFK: rolla til VLFK, deltar i koordineringsgruppa. Kanskje det har aktivitetar inn i reforma der ein kan spele på dei. Bra at gjennomføringsplanen ikkje er så detaljert i 2022 og 2023.
- Marta Strandos: Den enkelte organisasjon har eigne oppdrag og handlingsplanar. Kanskje greitt å seie noko om dette i dokumentet.

**III. Hausten 2021 - vi har skrive hausten på digitalisering og podkastar, transport. Innspel til andre aktivitetar vi kan gjere saman.**

- Berit Anita Knudtsen Larsen: til hausten startar treffpluss der kommunen er inne, fått midlar frå kulturavdelinga. Vi tilbyr gratis opplæring til alle våre eldre i Øygarden.
- Harald Ekroll: aldersvenleg transport i Bergensregionen, forgår også i Odda, og vi har transportordning i Sogn og Fjordane. Optatt av å bygge vidare på. Kommunen må vere på banen for å gi forslag til utviding av desse transportordningane for å nå større grupper enn i dag.
- Leni Klakegg: Aldersvennlig Norge-senteret i Ålesund har opna. KS-nettverket med aldersvenleg lokalsamfunn, som er flytta til Aldersvennlig Norge. Dei vil arrangerer noko på transport nasjonalt. Kanskje vi også bør gjere noko på transport, alle kommunar melder tilbake om utfordringar knytt til dette. Sjølv om dei gjer noko nasjonalt, kanskje vi skal planlegge noko her i vest.
- Liv Jorunn Solstad: det blir utarbeidd ein del interessant rettleiingsmateriell som er tenkt kan takast i bruk i kommunane. Det kan vere tema her som kan vere nyttig for kommunane.
- Annette Eri Norevik: arbeidspakke 6, auke digital kompetanse. Bjørnafjorden har brukt valfaget «innsats for andre» i opplæring for andre som treng økt digital kompetanse. Dette er vi sterkt inn i. Berre ta kontakt.
- Ragna Flotve: Skal lage podkast tidleg i haust, liv og lyst-metodikken. Treng kommunar, folk som kan komme med innspel, delta aktivt inn i ein slik podkast. Om det finst spesielle kommunar, får meir til enn andre, vil gjerne komme i kontakt med dei.
- Anne Eli Wangen: Tiltak og aktivitet i hausten, der har vi planlagt ein Leve heile livet-konferanse i det regionale støtteapparatet, viktig å få inn her at ein skal sjå ting i samanheng, fleire nasjonale satsingar, som kjem inn under Leve heile livet-hatten, som kommunane må sjå i samanheng. Tema vi må følgje opp vidare:
  - Vi har hatt webinar om Demensplan 2025
  - Kompetanse og rekruttering er et utfordringsområde for kommunane, ny satsings og plan for Kompetanseløft 2025, planlagt webinar 3. juni.
  - Ny ernæringsstrategi for eldre, no skal vi ha ernæringstema oppe om nokre dagar.
  - Pårørandestrategien som er nasjonal satsing vi må ta med oss. Viktig at vi er gode og flinke og får fram dette for kommunane. Alle desse tema - må inn i Leve heile livet-reforma.
- Jens Harald Garden: Tannhelsa har ein plass på både webinar og podkastar, her er oppfordringa til å kople oss på. Ernæring og mat og måltid, heimebesøk. Om de ser at tannhelsetenesta kan bidra innspel og dialog, ta kontakt. Ser mange punkt kor vi kunne vore med.

- Harald Ekroll: Oppteken av at kommunen må lage frivillighetsstrategi saman med dei frivillige organisasjonane i kommunane. Berre nokre få kommunar i Vestland som har dette.
- Marta Strandos: fordel med gjennomføringsplan over fleire år, vi kan porsjonere ut framover. Vi må finne god balanse med dette å invitere til webinar, kontra å ha ein direkte kontakt. Utviklingssenter skal ha ein viktig rolle i dette.
- Else-Marie Brobakke Aarø: saksopplysing - VLFK lagar no frivillighetsstrategi, lagar omfattande kunnskapsinnhenting. Frå tidlegare Hordaland og frå folkehelsesida, gav støtte til kommunen for å utvide frivillighetspolitikk. 50-60 prosent av kommunane i gamle Hordaland gjorde då eit arbeid.
  - i. Åse Vaag: tema frivillighet kan vi lage korte webinar om. Kan bli i haust.
- Marte Ulltang – når de no har med helseføretak i støttegruppa. Kva kan vi bidra med inn?
  - Åse Vaag: vi såg på fleire tema i møte med dykk – for eksempel mat og ernæring, elles tema de ser er viktige å bidra inn i.
  - Leni Klakegg: aldersvenleg sjukehus er veldig aktuelt, også forbettingspotensial i samanheng i tenestene.
  - Anne Eli Wangen: samanheng og samhandling i tenestene med aktuelle innsatsområde det er aktuelt å ha med helseføretak. Også korleis de i helseføretaket jobbar med Leve heile livet, også interessant å vite meir om for kommunen. Overgangar er eit aktuelt tema. Innsatsområde heiter helsehjelp aktuelt.
- Grete Lill Hjartnes: Det er mange ting som vi kjenner igjen, digitalisering og kunnskap om verktøyet. Helse Bergen og føretaka jobbar med digitale løysingar og kommunikasjon med innbyggjarar. Vi har god samhandling, men ønsker og treng meir kunnskap om korleis dei jobbar der ute.
  - Åse Vaag: støtteapparatet kan kanskje hjelpe til med meir og betre kunnskap om kommunane
  - Leni Klakegg: Kunnskap om kommune. Har prøvd ut ulike hospiteringsløysingar, trainee der ein skulle vere i kommunane og sjukehus. Helsefellesskap må vi ikkje gløyme. Må hjelpe kommunen å vise at mange ting går inn i Leve heile livet, for eksempel gode pasientforløp - ein av dei viktigaste tinga vi kan hjelpe kommunane med.
  - Marta Strandos: Mykje vi kan snakke om når det gjeld kjennskap om kvarande og samhandling – vi har invitert oss inn i helseføretaket om e-helse.

#### **IV. Aktivitet knytt til andre fylket – er det nokon som har fast kopling mot andre fylket?**

- Harald Ekroll: vi brukar å ha årleg samling i Fylkeseldrerådet i Vestland, no blir det Vestland og Rogaland, våren 2022. Vestland er ansvarlege, vil nok kople det opp mot Leve heile livet som eitt av tema.
- Else-Marie Brobakke Aarø: Kommunane får ikkje delt breitt om det dei gjer, det skjer mykje som kan ha nytte for andre kommunar. Korleis får ein desse moglegheit fram for å kunne bruke kvarandre framover? Dette med kommunikasjon og formidling. Å få fram dei lokale eksempla frå kommunen, synleggjere det som skjer i kommunane. Viktig å ha med seg denne dimensjonen.
- Åse Vaag: Møte med kontaktpersonar i kommunane. Tilbakemelding, litt stor gruppe med 43 kontaktar, dei ynskjer seg litt mindre nettverk.. I 2020 hadde vi fire møter, det var det dei ønskte. Dei ønskte regionale samlingar. Dette må vi få eit system for. Vi deler info i møta og formidlar gjennom dialogmøta. Må få til nettverk som kan jobbe tettare saman. Dei tema dei ønska info om går på tvers. Det er litt vanskeleg å finne dei gode nettverka.

- Leni Klakegg: 26. mai blir det nasjonal erfaringskonferanse. Kommunar frå heile landet, 900 påmelde. Det går an å gjere noko mindre her i Vestland. Ein erfaringskonferanse der dei 43 kommunane får presentere sitt arbeid, litt fram i tid.

**V. Deling av referat etter dialogmøte:**

- Beate Helland: Referat frå dialogmøte med kommunane bør delast mellom kommunane.
- Anne Eli Wangen: enig at vi må tenke på korleis vi kan bli betre på å få fram erfaringane til kommune. Når vi har desse webinara som vi arrangerer, leve heile livet-konferansen, så prøver vi alltid å få med kommunen å snakke om korleis dei jobbar. Vi prøver å ta med fleire døme på dei møteplassane der Statsforvaltarane er med å arrangere. Kanskje vi skal tenke meir på ein eigen lokal erfaringskonferanse. God ide.

**VI. Aktuelle hendingar framover**

- Webinar mat og måltid: nettsak kjem på nettsida til Statsforvaltaren med lenke til opptak, og podkaster
- Kompetanseløft 2025: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/kurs-og-konferansar/2021/06/webinar-om-kompetanseloft-2025/>

**VII. Nytt om tilskot**

- Tre tilskot: kommunalt invasjon og kompetansetilskot, sårbare eldre, mat og måltid til eldre som bur heime:  
<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/tilskot/2021/04/tilskot-til-eldre-ut-pa-middag/>

Ref. Janne Weltzien Listhaug og Åse Vaag

Takk for møtet!